

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Palmesøndag – 14. april 2019

Preiketekst: Joh 12,1-3

Lesetekst I: Sak 9,9-10

Lesetekst II: Fil 2,5-11

Kontrastar

Småbyen Betania

«Kontrastenes by» - slik omtale kan me finna i mange turistbrosjyrar. Mang ein by er prega av kontrastar, ja, sjølv små stader kan ha store forskjellar i framtoning og livskår.

Palmesøndag tek oss med til småbyen Betania. Einsarta som andre landsbyar, kunne me tru. Men byen fekk merksemd ved at Jesus Messias gjorde det store underet nettopp der. Lasarus gjekk omkring som eit levande vitnemål om Jesu makt og om Messias sitt nærvær.

Nettopp Jesus Messias sitt nærvær og teikna som fylgde han (Sal 116,8), vart til motseiing og dermed til skilje: venen Marta sa '*hadde du vore her*' og Jesu formanande trøysteord '*sa eg deg ikkje ..*'. og: mange av dei som var der, kom til tru, fortel Johannes (kap 11), medan andre varsla fare.

Fest og avskil

No er Herren der att. I den samansette røyndomen '*heldt dei festmåltid for han*' (v 2).

Sjølvsagt, vil me meina, fullt fortent. Minnesamveret må få si oppfylgjing: livsfesten. Og så må sanneleg festmåltidet samstundes fungera som avskilsmåltid. Kontrastane er der heile vegen.

Maria opnar hjarta og skrin for Herren sin: kostbar nardus vert 'sløsa' på Jesu føter. Det skjer i takksemd og tilbeding. Men handlinga møter med ein gong anklagen om meiningslaust sløseri. Dei fattige er jo like utanfor døra. Men no er Jesus der, og då skal korkje snusfornuft eller anna få øydeleggja.

Ange og stank

Huset er 'fylt av angen'. Då er den byrjande stanken frå sviket nesten fortrengd, men får sitt påfyll av gode, vikarierende motiv: dei fattige.

Jesus er Messias (*den som er salva*) også i denne stemningsfulle timen. Han òg opnar hjarta, og huset fyllest av ein mix av glede og vemod. Herren varslar det største møtet mellom kontrastar: Golgata.

Jerusalem

Palmesøndag er første dagen i 'den stille veka'. Jerusalem, sjølv 'kontrastenes by', er pynta til høgtid og fest. Så kjem Han, og får ei mottaking ein konge-intro verdig: Hosianna! (Sal 118,25,f).

Vår tid og vår verd er sanneleg prega av kontrastar! Smått og stort omeinnanen, ytterpunkt i den

einskilde sitt liv og i samfunnet.

Påskehelga sjølv er jo ein studie i kontrastar, frå Palmesøndag til Påskedag. Midt i Israel stod han fram, og gjer det framleis.

Våre kontrastar

Midt i '*Gamle Norig, nørdest i grendom*', stig han òg fram, som den forakta og opphøgde, som sonofferet og som sigerherren.

Bøna hjå oss denne dagen, må handla om omseggripande evangelium: Jesus, Den salva, må få gå inn gjennom portane hjå gudsfolket – og hjå oss. Han må få sameina kontrastane i ei felles tru på Det einaste namnet det er knytt frelse til: JESUS (Apg 4,12)

Til preika:

Her er det store muligheter! Men i år kanskje noko om kontrastar, visst me berre ikkje endar der, men hjå Han som kom!

Sjølv skal eg feira gudsteneste Palmesøndag på 'Breheimsenteret' like innved Nigardsbreen. Kyrkjelyden, med barnerøyster i sentrum, skal syngja '*Hosianna, syng for Jesus*', vend mot breen, og gjennom store vindaugo sjå på Guds veldige skaparverk, ikkje minst 'den evige sne'.

Men Herren ER, og kjem!

Geir Paulsen

Sokneprest Luster / leiar krinsstyret SFj

geir.paulsen@kyrkja.luster.no